

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Gota 16
6823 SANDANE

Dato	06.03.2022
Vår referanse	2022/1797-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Åge Avedal
E-post	Age.avedal@vlfk.no
Telefon	97072734

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar ved budsjettet 2022 - melding om vedtak av tildelt tilskot

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar sendt inn våren 2021.

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune har i møte 14. desember politisk sak 109/2021, *Budsjett 2022 / økonomiplan 2022-2025*, gjort vedtak om tildeling av tilskot.

De vart tildelt tilskot på 10 000 000 kr til Holvikejekta verne- og formidlingsbygg.

Grunngjeving

Ved søknadsfristen 30. april 2021 var det kome inn 16 søknader. Samla søknadssum var på om lag 94,6 mill. kr. Det vart tildelt 14 mill. kr totalt i ordninga i samband med budsjett 2022. Tilskota gjekk til Musea i Sogn og Fjordane / verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta (10 mill. kr) og til Norsk vasskraft- og industriadmuseum / Lindehuset (4 mill. kr).

Hausten 2021 vart det også lyst ut **ekstraordinære midlar** i ordninga. Då vart det tildelt i alt 15 mill. kr til fem ulike kulturarenaer.

Sjå møteprotokoll frå fylkestinget sitt møte 14. desember, som gjeld vedtak om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar (verbalpunkt 9):

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=7082&caseType=Protokoll®istryEntryId=590757&sourceDatabase=>

Det er knytt følgjande vilkår til utbetaling av midlane

Utbetaling og rapportering:

- Prosjektet/tiltaket må vere gjennomført i samsvar med søknad. Eventuelle endringar av vesentleg grad skal meldast til sakshandsamar.
- Tilsegn om tilskot gjeld i inntil tre år frå svar om vedtaket er sendt til søkjaren.
- Utbetaling av tilskot skjer i samsvar med framdrift og likviditetsbehov. Søkjar kan be om delutbetaling når arbeidet er kome godt i gang, og/eller når tiltaket nærmar seg slutføring. Sluttutbetaling skjer etter at søkjar har sendt inn rapport og revidert rekneskap til fylkeskommunen.
- Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. De sender faktura etter å ha fått godkjent rapport og rekneskap.
- Elektroniske fakturaadresse: 9908:821311632
- Aksesspunkt: Visma
- «Deres referanse» skal merkast med 10608

For meir informasjon om korleis du sender faktura til Vestland fylkeskommune kan du gå inn på:
<https://www.vestlandfylke.no/om-oss/send-faktura-til-vestland/>

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Vi viser elles til retningslinjene for tilskotsordninga, som de finn på denne sida:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst-og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturarenaer-med-regionale-funksjonar/>

Kontroll:

- Misleghald i bruk av tilskotet kan føre til krav om tilbakebetaling av heile eller deler av tilskotet, eller eventuelt andre sanksjonar.
- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at tilskotet er nytta som føresett. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd ved kontroll.

Informasjon:

- Det skal komme tydeleg fram i informasjonsmateriell med meir at fylkeskommunen er tilskotsgjevar. <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/>

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg og du har rett til å sjå alle dokument i saka. Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan du rette til sakshandsamar.

Klage

Det er ikkje klagerett på budsjettvedtak, då det ikkje er enkeltvedtak og årsbudsjettet er bindande jf. kommunelova (§ 46 og § 47). Forvaltningslova § 28 omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Budsjettvedtak er ikkje omfatta av dette. Eventuell klage på budsjettvedtak blir likevel vurdert og handsama.

Ei eventuell klage sender du til Vestland fylkeskommune på e-post til post@vlfk.no. Det må komme tydeleg fram kva ordning og søknadsfrist klagen er knytt til.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd

Avdelingsdirektør

Kultur, idrett og inkludering (KII)

Ronny Bjørnar Skaar

seksjonssjef

KII - Kunst- og kulturutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift